

Foto: Jan Olav Tveiterås

Tilstandsrapport for grunnskule og barnehage i Samnanger 2022

Innhald

| | |
|--|----|
| 1 Innleiing | 3 |
| 2 Samandrag | 4 |
| 2.1 Læringsmiljø | 4 |
| 2.2 Læringsresultat | 4 |
| 3 Elevar og undervisningspersonale | 5 |
| 3.1 Tal elevar og lærarårsverk | 5 |
| 3.2 Årsverk og lærartettleik | 5 |
| 4 Elevundersøkinga | 6 |
| 4.1 Trivsel | 6 |
| 4.2 Støtte frå lærar | 7 |
| 4.3 Vurdering for læring | 7 |
| 4.4 Læringskultur | 8 |
| 4.5 Mestring | 8 |
| 4.6 Elevdemokrati og medverknad | 9 |
| 4.7 Utdanningsval og yrkesretteiing | 9 |
| 4.8 Mobbing på skulen | 9 |
| 5 Læringsresultat | 11 |
| 5.1 Nasjonale prøvar | 11 |
| 5.2 Avgangskaraktarar | 12 |
| 5.3 Grunnskulepoeng | 12 |
| 6 Gjennomføring av vidaregåande skule | 13 |
| 7 Samandrag: Pandemien | 13 |
| 8 Sjukefråvær grunnskule 2021 | 14 |
| 9 Barnehagefakta | 15 |
| 9.1 Barn per tilsett | 15 |
| 9.2 Oppfyller barnehagen pedagognormen? | 15 |
| 9.3 Tilsette si utdanning | 16 |
| 9.4 Innandørs leike- og opphaldsareal per barn, godkjente | 16 |
| 9.5 Foreldreundersøkinga | 16 |
| 9.6 Sjukefråvær i dei kommunale barnehagane 2021 | 16 |
| 10 Kvalitetsvurderingssystem for godt læringsmiljø og betre læringsutbytte | 18 |

1 Innleiing

Barn og unge skal i Samnanger kommune skal oppleve tryggleik og mestring og få realisert sitt potensiale for utvikling og læring, uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn.

Kommunen skal i følge opplæringslova §13-3e ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Kommunen vel å utvida tilstandsrapporten til å gjelda barnehage også, sjølv om det ikkje er lovfesta.

Rapporten er meint å vera eit utgangspunkt for dialog, drøftingar og planlegging av arbeidet med kvalitetsutvikling i kommunane.(udir.no)

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gje grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigaren er kommen i å nå måla.

Tall som er presentert i tilstandsrapporten er henta frå Utdanningsdirektoratets statistikkbank som frå 1. juli 2021 erstatta Skoleporten. Sidan skule- og barnehageåret 2020-21 er det første året me har tall i denne portalen for Samnanger kommune, blir resultatane kunn sett opp mot tall for fylket, nasjonalt og ved noen indikatorar kommunegruppe 4. KOSTRA-gruppe 4 er alle kommunar med 2000 til 9999 innbyggjar, middelsbunde kostnader og låge frie disponible inntekter per innbyggjar.

Det generelle systemkravet

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeida årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. Kommuneleova § 25 - 1. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Tilstandsrapporten kan berre vise nokre sider ved skulen og barnehagen sine oppdrag. Oppdraga må dokumenterast både i teljingar og forteljingar. Rapporten er difor supplert med tekster som med om anna skulen sitt arbeid med implementering av fagfornyninga også den overordna delen, nettverksarbeid, samarbeid med andre høgskule samt tverrfagleg samarbeid i kommunen.

Resultata og annen kunnskap om barnehagane og skulane vil også verta analysert og leggje føring for vidare arbeid med kvalitetsutvikling.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå «statestikk grunnskule», kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vera teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysnings-lova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan òg gjelda for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Tysse, 24. august 2022
Bodil H. Øpstebø
kommunalsjef oppvekst

2 Samandrag

Rapporten presenterer resultat for Samnanger kommune i to dimensjoner, - utvikling over tid (samanlikning over fleire år) og samanlikning med Vestland fylke, landet/nasjonalt og i nokon tilfelle Kostragruppe 4 som Samnanger høyre til og samanliknar seg med.

Rapporten skal òg innehalde ein kort analyse av læringsmiljø og læringsresultat saman med forslag til tiltak for å forbetra resultat. Også i år presenterer rapporten nokre resultat for barnehage henta frå udir.no (BASIL).

2.1 Læringsmiljø

Læringsmiljøet i skulane i Samnanger er i all hovudsak godt. Når ein ser på alle indikatorane er det varierende om ein ligg tett oppunder, jamt med eller litt over landsgjennomsnittet på elevundersøkinga både på 5., 7. og 10. årssteg i 2021.

Følgjande tiltak er sett i verk og vil verta vidareført eller vurdert starta:

- ✓ Arbeid med å utvikla læringsmiljøet til elevane gjennom deltaking i programmet MOT ved ungdomsskulen er i aktivt bruk og vert vidareført.
- ✓ Barneskulen har jobba aktivt med den generelle delen av fagfornyinga knytt til læringsmiljøet, samarbeid og inkludering og utarbeida felles mål og kjerneverdier.
- ✓ Vurdera om ein bør starta med eit systemprogram i høve læringsmiljøet for elevane for å gje ein heilskapleg struktur og støtte i arbeidet ved barneskulen.
- ✓ Jamlege trivselsundersøkingar i skulane og nytt er at ein tek i bruk Spekter som metode som er utarbeida ved Universitet i Stavanger i arbeide med nulltoleranse for mobbing.
- ✓ Der det vert avdekka mobbing eller krenkingar skal skulen umiddelbart undersøkje meldinga og saman med eleven og foreldra utarbeida ein aktivitetsplan.

Aktivitetsplanen og tiltaka ein set inn skal evaluerast etter fastsett tid (Jmfr § 9A).

- ✓ Ein har også hatt aktivitetsplan på klassar eller trinn. Då jobbar ein med systemarbeid, og her er ofte fleire aktørar som t.d PPT, klassekontaktar og FAU i samspel med leiarteamet/tilsette ved skulen.
- ✓ Auka trivselstiltak i friminutta
- ✓ Inkluderande aktivt elevråd

2.2 Læringsresultat

Innanfor kapitlet læringsresultat vert resultat frå nasjonale prøvar og standpunktarakterar for elevane presentert, men ikkje karakterar frå eksamen då eksamen vart avlyst våren 2021 på grunn av covid- 19 pandemien.

Nasjonale prøvar vert gjennomført på:

- 5. trinn, - etter at elevane er ferdig med småskulen
- 8. trinn, etter at elevane er ferdig med mellomtrinnet
- 9. trinn i rekning og lesing for å sjå utvikling frå 8. trinn

Resultata frå dei nasjonale prøvane har dei seinare åra låge på landsgjennomsnittet på 8. og 9. trinn, medan 5. trinn skårar litt lågare enn landet. Resultata i lesing på 5. trinn har over fleire år vore noko under gjennomsnittet.

Følgjande tiltak vil verta vidareført for å betra resultat på nasjonale prøvar i lesing:

- ✓ Lesing som felles satsing for utviklingsarbeidet på skulen med særleg fokus på 1. og 2. trinn er starta
- ✓ Auka tilgang til digitale verktøy med Pc-ar/cromebook til alle elevar
- ✓ Implementera leseplan som skal setje leseopplæringa i eit betre system, og sikre at kvar enkelt elev får betre tilpassa opplæring
- ✓ Gjennomføre lesekurs

- ✓ Lesing som hovudtema for overgangen mellom barnehage og skule
- ✓ Vidareutvikla erfaringsdeling med lærarar på 1. og 2. trinn med særleg fokus på leseopplæringa
- ✓ Bibliotekprosjektet med tittel – Rett bok til rett elev til rett tid er implementert i 2021
- ✓ Lesing i alle fag

3 Elevar og undervisningspersonale

Elevar og undervisningspersonalet omfattar:

- Tal elevar delt på skular og årstrinn
- Tal elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- Lærartettleik (lærartettleik 1. – 7. årstrinn, lærartettleik 8. – 10. årstrinn)

3.1 Tal elevar og lærarårsverk

Tal elevar fordelt på skular og trinn

Tal elevar som er registrert ved grunnskular pr. 1. oktober 2021 danna grunnlag for tal grupper og organisering ved skulane.

Tal elevar i grunnskulen i Samnanger

| Elevtal | Samnanger barneskule | Samnanger ungdomsskule | Samla kommunen |
|--------------|----------------------|------------------------|----------------|
| 1. årstrinn | 29 | | |
| 2. årstrinn | 35 | | |
| 3. årstrinn | 27 | | |
| 4. årstrinn | 32 | | |
| 5. årstrinn | 27 | | |
| 6. årstrinn | 28 | | |
| 7. årstrinn | 30 | | |
| 8. årstrinn | | 33 | |
| 9. årstrinn | | 28 | |
| 10. årstrinn | | 34 | |
| | 208 | 95 | 303 |

Årsverk for undervisningspersonalet

| Undervisningspersonale | 2019 | 2020 | 2021 |
|------------------------|-------|-------|-----------|
| SBS+SUS | | | |
| Elevtal | 282 | 302 | 303 |
| Tal pedagogar | 37 | 36 | 37 |
| Årsverk undervisning | 30,24 | 31,21 | 30,04 |
| | | | (frå GSI) |

Tabellen synar tal årsverk til undervisning inkludert andre funksjonar i begge skulane, men leiarressurs er ikkje med.


Gjer merksam på at elevtal frå 2019 til 2021 har ein auke på 21 elevar, medan årsverk undervisning er gått ned. Tal pedagogar fortel om tal pedagogar ein har i ulike stillingsprosentar.

3.2 Årsverk og lærartettleik

Etter innføring av norm for lærartettleik i 2018 på skulenivå der gruppestorleik er:

- 15 elevar på 1. - 4. trinn
- 20 elevar på 5. - 7. trinn
- 20 elevar på 8. - 10. trinn

Graf over begge skulane saman syner:



Samnanger har positiv utvikling med lærarnormen, men litt høgare lærartettleik enn landssnittet, men lågare lærartettleik enn KOSTRA gruppe 4.

På trinna er det gjennomsnittleg 30 elevar. Ein prøver å ha større grupper i einskilde timar der det er pedagogisk forsvarleg, men ut frå lærarnormen prøver ein å liggjar rundt 15/20

tal elevar. Rektorane vurderer dette og har hovudfokus på helse, miljø og trivsel med god motivasjon der elevmedverknad og inkludering står sentralt. Dette forklarar korleis skulane organiserer dei ulike trinna pr. i dag, men der inkludering av alle elevar og tilrettelegging er avgjerande.

Samnanger har ein auke på 21 elevar siste åra og ein auke på lærartettleik i tråd med lærarnormen, samstundes stabilt tal på pedagogar. Fleire pedagogar har fått auka stillingsstorleik. Dei siste fem åra har tal årsverk variert og slik vil det variera også ut frå ulike behov i elevgruppa. Som de ser er det nedtrekk med 0,81% pedagogstilling. Dette syner eit reelt nedtrekk.

4 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga vert gjennomført på 7. og 10. trinn i november:

Eventuelt fleire resultat finn du på: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/publikasjoner/utdanningsspeilet/utdanningsspeilet-2021/trivsel-og-laring/#barnehagemiljo>

Samnanger kommune samanliknar seg med seg sjølv og utvikling, men også mot Vestland fylke. Så veit ein aldri kor seriøst elevane tek det når dei svarer på ei undersøking. (t.d akutte endringar i kvardagen, sjukdom, vikar og liknande kan påverke).

I tilstandsrapporten er desse områda teke med:

- ✓ Trivsel
- ✓ Støtte frå lærar
- ✓ Vurdering for læring
- ✓ Læringskultur
- ✓ Mestring
- ✓ Elevdemokrati og medverknad
- ✓ Utdanning og yrkesveiledning 10. trinn
- ✓ Mobbing i skulen


Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring i eit inkluderande læringsmiljø.

4.1 Trivsel


Lokale mål

I Samnanger har me elevar med stort sett høg grad av trivsel i eit godt fysisk- og psykososialt læringsmiljø

TRIVSEL 7. TRINN



TRIVSEL 10. TRINN



Skulane opplever i kvardagen at dei fleste elevar trivst godt. Me har kjente utfordringar som det vert jobba aktivt med.

Laget rundt eleven med foreldre, skule, PPT, kommunepsykologen og helsesjukepleiar er avgjerande for om skulen skal lukkast.



4.2 Støtte frå lærar

Indeksen viser elevane si oppleving av emosjonell og fagleg støtte frå lærar. Skalaen er 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat.

Lokalt mål

Resultat i elevundersøkinga over gjennomsnittet i Vestland på indikatoren *støtte frå lærar*

Elevane i skulane i Samnanger opplever siste året litt varierende støtte frå lærarane sine. Dette er litt under målsetjinga. Skulane vil ha fokus her og involvera elevane på kva som kan bli betre, men me må ikkje gløyme at det har vore pandemi i to år som kan virke inn på resultatata. Samnanger hadde Covid-utbrot i november/desember då denne undersøkinga vart teke.



4.3 Vurdering for læring



Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring. Skalaen er 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat.

Lokalt mål

Resultat på elevundersøkinga over gjennomsnittet i Vestland på indikatoren *vurdering for læring*

Samnanger kommune har i fleire år jobba med å forbetra lærarane sitt vurderingsarbeid, då særleg på ungdomssteget gjennom satsinga gjennom udir – vurdering for læring.

Elevane si oppleving av vurdering for læring ligg over Vestland på 7. og 10. trinn noko som gjer at lokale mål er nådd.



Vurdering for læring

Vurdering for læring inneber at læraren brukar vurderingsinformasjon til å justera undervisninga undervegs. På den måten vil opplæringa verta tilpassa etter elevane sitt læringsbehov.

Prinsipp for Vurdering for læring

Det er særleg fire prinsipp som er sentrale i vurderingsarbeid som har til føremål å fremja læring. Elevane sine føresetnadar for å læra kan styrkjast viss dei:

- ✓ Forstår kva dei skal læra og kva som er forventna av dei
- ✓ Får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- ✓ Får råd om korleis dei kan forbetra seg
- ✓ Er involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdera eige arbeid og utvikling

4.4 Læringskultur

Indeksen viser om elevane opplever at det er arbeidsro i timane, at skulearbeidet er viktig for dei og om det er rom for å gjera feil i læringsarbeidet. Skalaen er 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat.

Lokalt mål

Resultat over gjennomsnittet i Vestland på indikatoren *læringskultur*

Elevane si oppleving av læringskulturen ligg litt under gjennomsnittet i Vestland på 7. trinn mens 10. trinn ligg over landssnittet og Vestland.

Læringskulturen er eitt av dei sentrale områda som vert arbeida med på ungdomsskulen gjennom MOT, mens barneskulen jobbar trinnvis ut frå problemstillingar som kjem i kvardagen.

Barneskulen har skuleåret 2021-22 jobba med læringskultur som tema og laga målsettingar i tråd med temaplan for pedagogisk utviklingsarbeid. Kjerneverdier som skulen skal

arbeida etter er utarbeida. Desse verdiane er -vi-skule, samarbeid, leksebevisst skule, inkludering, og livsmestring .

Ut frå tilbakemeldingar frå skulane trivst elevane stort sett godt, men elevane ynskjer meir å gjera på i friminutta. Det er viktig for begge skulane å halda fram med utvikling av utemiljøet ved begge skulane. Dette vil ein trengja økonomisk støtte til.


4.5 Mestring


Indeksen viser elevane si oppleving av mestring i høve undervisning, lekser og arbeid på skulen. Skalaen er 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat.

Lokalt mål

Resultat i elevundersøkinga over gjennomsnittet i Vestland på indikatoren *mestring*

Elevane i skulane i Samnanger opplever stort sett høg grad av mestring, men ligg i 2021 0,1 under Vestland. Her kan ein involvera meir elevane i arbeidet rundt oppleving av mestring.





Opplevinga til elevane baserer seg på spørsmål som gjeld tilpassing av undervisning og lekser til den einkilde elev. Målet vårt er at elevane skal kjenne på mestring i skulekvardagen sin.

4.6 Elevdemokrati og medverknad

Indeksen viser elevane si oppleving av moglegheit for å medverka i arbeidet med faga, og om dei får vera med å bestemma klassereglar og delta i elevrådsarbeid. Skalaen er 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat.

Lokalt mål

Resultat på elevundersøkinga over gjennomsnittet i Vestland på indikatoren *elevdemokrati og medverknad*

Elevane si oppleving av elevdemokrati og medverknad ligg under Vestland i gjennomsnittet på 7. årstrinn, medan 10. årstrinn ligg over Vestland og landsgjennomsnittet. Resultatet etter 7. årstrinn er ikkje i tråd med målsetjinga. Skulane jobbar med tiltak saman med elevane for å betra forståing og involvering i eiga læring og praksis.

4.7 Utdanningsval og yrkesretteiing

Elevane vert stilt spørsmål om dei har fått eit godt grunnlag for vidare val av utdanning og yrke, så langt på ungdomsskulen. Skalaen er 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat.

10. trinn fekk 3,6 poeng noko som ligg 0,1 under Vestland på 3,7.

Elevane gjev tilbakemelding om at dei er fornøgd med skulen si rettleiing om val av utdanning og yrke, men dei fekk ikkje ha kafeen på 9. trinn. Noko som er ein god praktisk læringsarena. Pandemitid sette nokon avgrensingar. Til dømes endring med yrkesmesse.

4.8 Mobbing på skulen

Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing i skulen er rekna ut frå kor mange som opplever at dei vert mobba og kor ofte dei vert mobba. Ein og same verdi kan anten indikera at mange kryssar av for at dei vert mobba sjeldan eller at færre kryssar av for at dei vert mobba hyppig.

I elevundersøkinga i 2021 vart det stilt spørsmål om ulike former for mobbing – mobbing av medelevar, mobbing frå lærar og digital mobbing.

Nasjonalt og lokalt mål

Alle barn og unge skal ha eit trygt og godt skulemiljø med nulltoleranse for mobbing

Tilstandsrapport for skule og barnehage 2022

Resultat frå elevundersøkinga på 7. og 10. trinn

| Spørsmålene i Elev... | 2019-20 | | 2020-21 | | | | 2021-22 | | | | | | | |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | Hele landet | | Hele landet | | | | Hele landet | | | | | | | |
| | Alle fylker | | Alle fylker | | Vestland | | Alle fylker | | Vestland | | | | | |
| | Alle kommuner | | Alle kommuner | | Alle kommuner | | Samnanger | | Alle kommuner | | Alle kommuner | | Samnanger | |
| | Alle skoler | | Alle skoler | | Alle skoler | | Alle skoler | | Alle skoler | | Alle skoler | | Alle skoler | |
| | 7. årstrinn | 10. årstrinn |
| | Alle eierformer |
| Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | Begge kjønn | |
| Indikator - Spørsmål | Prosentandel |
| - Mobbing på skolen (prosent) | 7,1 | 6,6 | 7,5 | 5,5 | 7,4 | 5,5 | * | * | 7,9 | 5,7 | 7,8 | 6,3 | * | * |
| Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent) | 5,7 | 4,5 | 6,4 | 3,8 | 6,3 | 3,3 | * | * | 6,6 | 4,1 | 6,5 | 4,6 | 0,0 | 6,3 |
| Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent) | 1,4 | 2,9 | 1,0 | 2,2 | 1,0 | 2,5 | 0,0 | 0,0 | 1,1 | 2,2 | 1,3 | 2,5 | * | 0,0 |
| Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent) | 2,1 | 2,3 | 2,9 | 2,1 | 2,8 | 1,8 | 0,0 | 0,0 | 3,3 | 2,2 | 3,4 | 2,4 | * | 0,0 |

Dei fleste resultatane som handlar om mobbing er unntatte offentlegheita. Når det gjeld under 5 stk kjem det berre som stjerna. Dette tyder at det er mobbing, også i vår kommune. **Ein som vert mobba er ein for mange.**

Ut frå desse indikatortala svarar nokon at dei er blitt mobba. Det har auka på ungdomsskulen. Hendingar ein kjenner jobbar ein aktivt med. Skulane har erfaring med at elevar finn det vanskeleg å melda frå om mobbing også i undersøkingar. Ut frå dette resultat har skulane kjøpt Spekter og vert teke i bruk skuleåret 2022-23. Begge skulane vil ha fokus på skulemiljøet framover i samarbeid med foreldra.

Skulane jobbar jamt og trutt med skulemiljø og gode relasjonar. Samstundes er det viktig at

alle foreldre, skulen og politikarar jobbar saman om å oppnå nulltoleranse for mobbing.

Tiltak som vert nytta er: Jf. Temaplan for pedagogisk utvikling

- Jamleg fokus på å skapa eit positivt læringsmiljø
- Elevsamtalar
- Målretta tiltak mot mobbing
 - Fokus på samarbeid og inkludering
- § 9A og arktivetsplikt
- Trivselundersøkingar
- MOT – programmet ved SUS
- Bruk av Spekter som verktøy frå hausten 2022
- Fokus på aktivitet i friminutta og satsing på utemiljøet

5 Læringsresultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultat-indikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskulepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår skuleeigar å ta med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøvar i engelsk på 5. og 8. trinn

Lokale mål

Alle elevane har godt læringsutbytte og når sitt maksimale faglege nivå gjennom høg grad av mestring

Her har Samnanger valt bevist å samanlikna med seg sjølv ein periode og fokus er på at alle skal oppleve mestring.

5.1 Nasjonale prøvar

Resultat hausten 2021

Nasjonale prøver er meir enn å måle resultat for trinnet og samanlikna seg med fylket og nasjonalt nivå. Det er ei kartlegging av elevane sin kompetanse for at skulen kan tilrettelegge for god undervisning. Me ynskjer at elevane skal kjenna på mestring og motivasjon for læring. Difor er det viktig at den einskilde elev får utvikla seg ut frå sitt nivå, for å vidareutvikla positiv eigenverdi. Målet er at alle elevar skal få ei god tilpassa opplæring, med eit godt læringstrykk ved skulane i Samnanger.

I Samnanger er deltakarprosenten høg fordi ein gjev få fritak.

| 9. trinn | Engelsk | Lesing | Rekning |
|-----------|-------------|---------|---------|
| Samnanger | finns ikkje | 56 (51) | 56 (53) |
| Vestland | finns ikkje | 53 (49) | 53 (50) |
| Landet | finns ikkje | 53 (50) | 53 (50) |

Dette kullet syner ein flott progresjon frå då dei gjekk på 8. trinnet, sjå parentes.

| 8. trinn | Engelsk | Lesing | Rekning |
|-----------|---------|---------|---------|
| Samnanger | 50 (50) | 51 (45) | 53 (49) |
| Vestland | 50 (50) | 50 (49) | 50 (50) |
| Landet | 50 (50) | 50 (50) | 50 (50) |

Dei syner ei flott utvikling i alle fag, også då krava er høgare. Parentes syner dette trinnet sine resultat i på 5. trinn.

Det er gledeleg å sjå at alle tal syner eit resultat på eller over landsgjennomsnittet og dette synar motiverte, dyktige elevar med eit godt læringstrykk frå barneskulen som kan anvende kunnskapen sin.

| 5. trinn | Engelsk | Lesing | Rekning |
|-----------|---------|--------|---------|
| Samnanger | 45 | 47 | 46 |
| Vestland | 50 | 50 | 50 |
| Landet | 51 | 50 | 50 |

På dette trinnet er det fokus på eigen mestring. Utvikling på dei ulike dugleikane vert det jobba med. Dette er ein klasse med flotte dyktige elevar som skal få utvikla seg i tråd med eigen progresjon og avkodning, og med rettleiing av dyktige pedagogar og fagarbeidarar.

Skulen har teke ulike grep i høve lesing og har fokus på dette gjennom organisering og gjennomføring av undervisning på ulike trinn. Samstundes er ein svært glad for at det no er PC-ar på plass til alle elevar, også for elevane på 1.-4. trinn. Nasjonale prøver vert gjennomført digitalt. Ved å auka den digitale dugleiken til elevane våre, og bruk av denne type oppgåver håpar me på at dette gjev resultat på sikt.

Vurdering

Skulane i Samnanger har i fleire år hatt lågare resultat i lesing, spesielt på 5. årstrinn, enn ynskt. I 2021 vert det utarbeida ein fornya leseplan som skal styrka det systematiske arbeidet med leseopplæring og intensivopplæring for elevane på 1. – 2. årstrinn. Den skal sikra at kvar einiskild elev får tilpassa opplæring. Planen skal vidareutviklast til òg å gjelde barnehage og 3. – 4. årstrinn. Det vert òg gjennomført lesekurs på dei fleste klassetrinn, også på ungdomsskulen.



5.2 Avgangskaraktarar

Standpunktcharaktarar og karakterar frå eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gjev informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga skildra karakteren i faget:

- 1 uttrykker at eleven har svært lav kompetanse
- 2 uttrykker at eleven har lav kompetanse
- 3 uttrykker at eleven har nokså god kompetanse
- 4 uttrykker at eleven har god kompetanse
- 5 uttrykker at eleven har mykje god kompetanse
- 6 uttrykker at eleven har svært god kompetanse

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane vert vist som gjennomsnitt.

Avgangskaraktar 2021



Vurdering

Resultata knytt til avgangskaraktarar for elevane viser dyktige elevane som har ein gjennomsnittsutvikling med noko over og noko under landssnittet. Det vart ikkje gjennomført eksamen på 10. trinn i 2021 grunna koronapandemien noko som også kan vera med å påverkar resultat.


Gledeleg resultat når me veit at Covid-19 pandemien skapte uro og utfordra tilsette og elevar, men skulen i samarbeid med elevane og heimane levert gjennom digitale løysingar og gjennomførte på førebiletleg vis.

5.3 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som vert sluttvurdert med karakterar. Karakterane vert brukt som grunnlag for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er berekna som summen av elevane sine avsluttande karakterar, delt på tal karakterar og ganga med 10. Viss det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven. Grunnskulepoeng vert presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Resultat av grunnskulepoeng over gjennomsnittet i Vestland



Grunnskulepoeng i Samnanger 2016-2021, samanlikna geografisk


Resultata viser at elevane i Samnanger i denne perioden ligg som oftast over resultatet på nasjonalt nivå i høve grunnskulepoeng.

Det er òg særst aktuelt å samanlikna grunnskulepoeng med fylket vårt. Elevane frå Samnanger søker på dei same plassane i vidaregåande skule som andre elevar i Vestland og karakterane vert brukt som grunnlag for opptak. Grafen over viser at karakterane i Samnanger i 2021 låg litt under Vestland, men over KOSTRA gruppe 4. Ved små skular er dette normalt, men kanskje også koronapandemien og avlysing av eksamen skriftleg og munnleg våren 2021 spel inn.

6 Gjennomføring av vidaregåande skule

Indikatoren viser gjennomføringsgrad i vidaregåande skule totalt.

Statistikken syner:



Kjelde mars 2022:

<https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>

Samnanger kommune ligg på gult nivå i Vestland fylkeskommune saman med 24 andre kommunar i følgje folkehelsebarometeret. Dette synar at ein i snitt ligg på landsnivået, men grafen syner også at ein har hatt ei flott utvikling mot slutten av perioden.

7 Samandrag: Pandemien

Frå mars 2020 har Noreg hatt pandemi med Covid-19. Dette har også påverka skulane. Skuleleiing ved begge skulane har brukt mykje tid og ressursar til å prioritera driftsoppgåver knytt til smittevern og kunne halda planlagt opplæringstilbod ope. Dette inneber at noko av utviklingsarbeidet har blitt prega av omprioritering og utsetjingar.

Varierende frávær har i periodar utfordra med store utfordringar å skaffe nok vikarar. I periodar er ufaglærte nytta som «pedagogar».

Oppvekstsektoren er så langt godt nøgd med handsaminga av pandemien, men me får signal om at elevar fortsatt kan oppleva forsterka skulevegning og har ulike helseutfordringar, òg terskelen ved sjukedom er noko endra for elevar og tilsette, noko som har ført til noko meir frávær. Ulike tiltak er sett i gang for å hjelpe med dei utfordringar nokre elevar står i. Samstundes ser me at denne hjelpa vil krevje tid og ulike ressursar framover. Samnanger kommune, har på lik linje med andre kommunar, vanskar med å få søkjarar til helsesjukepleiarstillingar. Det merkast også i skuleeining.

Men pandemien har også hatt positive effekt der ein erfarte at skulen:

- kunne omstilla seg på kort varsel
- jobba systematisk med beredskap og er blitt ein meir robust organisasjon
- har fått prøvd ut og forbetra digitale løysingar med elevane og i personalet som er nyttig for vidare utviklingsarbeid når pandemien er over



Foto: Inge Aasgaard

8 Sjukefrávær grunnskule 2021

| Eining | Totalt | Kortids | Langtids |
|------------------------|--------|---------|----------|
| Samnanger barneskule | 9,23% | 2,08% | 7,15 |
| Samnanger ungdomsskule | 2,3% | 2,3% | ingen |

Lågt sjukefrávær i ei pandemitid. Det var utbrot i Samnanger i november/desember ved skulane.

Langtidsfrávær vert fylgt opp i tråd med gjeldande rutinar.

9 Barnehagefakta

Hausten 2021 var barnehagane i Samnanger kommune fordelt slik:

- Dråpeslottet barnehage 4 avdelingar
- Vassloppa barnehage 4 avdelingar
- Aadland gards- og friluftsbarnhage (privat barnehage) 2 avdelingar

Tabellen under syner korleis barna fordelar seg etter alder i dei ulike barnehagane og tal barn i den einskilde barnehage. I 2020 var det 118 barn og i 2021 var det 124 barn.

| | Dråpeslottet barnehage | Vassloppa barnehage | Aadland gards- og friluftsbarnhage |
|------------|------------------------|---------------------|------------------------------------|
| 0 år | 0 | 1 | 0 |
| 1år | 11 | 10 | 3 |
| 2år | 7 | 4 | 4 |
| 3år | 13 | 10 | 7 |
| 4år | 6 | 9 | 2 |
| 5år | 13 | 16 | 8 |
| Sum | 50 | 50 | 24 |

Data i denne presentasjonen er henta frå portalen Barnehagefakta. I portalen Barnehagefakta finn ein informasjon om alle barnehagane i kommunen

Dei ulike indikatorane vert årleg oppdatert. Tala er berekna på grunnlag av tal som vert samla inn gjennom årsmeldingsskjema (BASIL) kvart år, 15. desember.

Tala i BASIL er godkjent av barnehagane og kontrollert av kommunen og statsforvaltaren før dei går inn i statistikkgrunlaget og vert presentert i Barnehagefakta.

Barnehagefakta presenterer òg resultat frå Utdanningsdirektoratet si Foreldreundersøking for dei barnehagane som har gjennomført den.

Barnehagefakta vert oppdatert ein gong i året og ein gjer merksam på at situasjonen kan endra seg gjennom året.

9.1 Barn per tilsett

Barn per tilsett syner til tal barn per årsverk i grunnbemanninga. Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Barn under tre år tel dobbelt i denne utrekninga, slik at talet barn per tilsett tilsvarar at alle barna er over tre år. Det gjer at talet kan samanliknast for barnehagar med ulik alderssamansetjing. Det er òg teke omsyn til barna si opphaldstid i barnehagen.

Barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn når barnet er under tre år og ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. Barn skal reknast for å vera over tre år frå og med august det året dei fyller tre år (Lov om barnehage § 26). Frist for innfri bemanningsnorma var 1. august 2019.




Tala syner at barnehagane i Samnanger kommune samla har 5,7 barna pr. tilsett. Dette er positivt og noko under kravet på 6,0 barn per tilsett. Samnanger har gått frå 5,4 til 5,7 på grunn av auka barnetal. I tillegg kjem ressurs på styrka ut frå vedtak heimla i barnehagelova § 31 og § 37 noko som utgjer 4 årsverk.

9.2 Oppfyller barnehagen pedagognormen?

Pedagogisk leiar må ha utdanning som barnehagelærer, eller anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i pedagogikk. Det skal vera minimum ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år, og minimum ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år (gjeld frå 1. august 2018). Eitt barn til utløyser krav om ein ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar. Barn vert rekna for å vera over tre år frå og med august det året dei fyller tre år.

Kommunen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet slik at ein person utan den

rette utdanninga kan jobba som pedagogisk leiar. Dette skal kunn nyttast unntaksvis og kommunen må føreta ei konkret vurdering for å finna ut om det føreligg «særleg omsyn» for å gje dispensasjon.



Pedagognorma i Samnanger vart oppfylt med ein dispensasjon per 15.12.2021.


9.3 Tilsette si utdanning

Tala for tilsette si utdanning syner den høgast fullførte utdanninga til tilsette i grunnbemanninga. Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Delen vert berekna ut frå årsverk til tilsette med ulik utdanningsbakgrunn i prosent av årsverk til grunnbemanning totalt.

Tala for Samnanger syner følgjande fordeling mellom utdanningskategoriane:

| Følgjande utdanningskategoriar \\vert brukte or grunnbemanninga: | 2021 | 2020 |
|--|--------|-------|
| barnehagelærar | 43,0 % | 42,4% |
| tilsvarande barnehagelærar | 3,6 % | 3,0% |
| barne- og ungdomsarbeidar | 27,6 % | 21,9% |
| anna fagarbeidarutdanning | 9,3 % | 14,1% |
| anna bakgrunn | 16,5 % | 18,6% |


Oversikten syner at Samnanger har godt kvalifiserte tilsette i barnehagane og syner eit bevist arbeid med kompetanseheving og fleire tilsette har teke fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar og vidareutdanning.



9.4 Innandørs leike- og opphaldsareal per barn, godkjente

Det er ikkje teke omsyn til fordelinga av små og store barn i utrekninga av gjennomsnittleg leike- og opphaldsareal. I høve rettleiande norm, skal små barn under tre år i gjennomsnitt ha 5,3 kvadratmeter opphaldsareal, medan store barn over tre år skal ha 4,0 kvadratmeter. Ute-arealet bør vera seks gonger så stort som inne-arealet.

Barnehagefakta har ikkje opplysningar om barnehagen sitt uteareal.



Alle barnehagane ligg over kravet om innandørs og utandørs areal sjølv om det er store variasjonar. I tillegg vert nærmiljøet nytta aktivt til turar og opplevingar.

9.5 Foreldreundersøkinga

Foreldreundersøkinga er tilgjengeleg på www.udir.no kvar haust og er frivillig for barnehagane å gjennomføra. I Samnanger gjennomfører me undersøkinga annakvart år. I 2021 vart det ikkje gjennomført foreldreundersøking.

9.6 Sjukefråvær i dei kommunale barnehagane 2021

Gjennomsnitt på fråvær i dei kommunale barnehagane er på 17,1%. Dette er høgt, men i 2021 var me i ein pandemisituasjon, samstundes ser me høgt fråvær over fleire år i barnehage. Barnehagane var med i eit KLP

prosjekt (eg og du) for å få ned sjukefråværet 2018-2020. Leiarane er veldig flinke til å legge til rett for dei tilsette sin helsesituasjon ut frå ulike behov.

| Eining | Totalt | Kortids | Langtids |
|-----------|--------|---------|----------|
| barnehage | 17,3% | 3,6% | 13,7 |

Barnehagesektor i Samnanger har gjennom mange år valt å ha auka bemanning på 40-50% som vert brukt når pedagogane har si plantid 10% pr. veke pr. pedagog. Dette for å ivareta grunnbemanningsprinsippet.



Foto: Jan Olav Tveiterås

10 Kvalitetsvurderingssystem for godt læringsmiljø og betre læringsutbytte

Barnehage- og skuleeigar, det vil seie administrasjonen og politikarar i kommunen, har ansvar for å følge opp og forbetra kvaliteten på læringsmiljøet og læringsutbytte i tett dialog med barnehagar og skular.

Samnanger kommune har utarbeida eit system for oppfølging og rapportering.

Tilstandsrapporten inngår i systemet for kvalitetsvurdering i kommunen – sjå årshjul.

Andre rapportar

I tillegg til tilstandsrapporten rapportera skulane og barnehagane gjennom årsmelding til politikarane. Årsmeldinga rapporterer på siste års økonomiske resultat og resultat knytt til mål for området.

Både eining skule og barnehage rapportera på økonomi i tertialrapportar og i møte med rådmannen. Rådmannen legg fram rapport for formannskap og kommunestyret i tertialrapportar.

Rollane i oppfølgingssystemet

Skule- og barnehageeigarrolla vert ivareteke av kommunestyret, og den laupande kontrollen med grunnskulen og barnehage vert ivareteke av formannskapet.

I det daglege er det rådmannen som har skuleeigaransvaret. Dette skjer etter delegering gjennom delegasjonsreglementet.

I Samnanger kommune har ein valt å organisera grunnskulane og barnehagane i eit eget tenestoområde oppvekst. Leiar for tenestoområdet er kommunalsjef oppvekst. Kommunalsjef oppvekst har delegert skuleeigaransvar for rådmannen og barnehagemynde. Rådgjevar barnehage ivaretek den daglege rolla som barnehageeigar.



Foto: Gro Amundsen

«Hus med seng og kjøkken» som kreative elevar har laga sjølv.

Årshjul for Kvalitetsvurdering, barnehage og skule i Samnanger 2021

